



82. årgang - nr. 1. 2026. Tryggheim skular

Tryggheimhelsing



**Seksords-
noveller s. 5**

**Bilder fra
skolehverdagen s. 8**

**Misjonstur med
musikalske spor s. 14**



MONTESSORISKULE VIL STARTE PÅ JÆREN

Klepp kommune har ikkje nokon friskule (privatskule), men no vil vi kanskje allereie til hausten sjå ein Montessori-skule på Klepp. Initiativtakarane trur det er sunt med alternativ. Vi ønskjer velkommen og til lukke med oppstarten!

Gjermond Viste // Rektor

Montessoriskule på Klepp

Maria Elstad, ein av initiativtakarane seier så flott til Jærbladet (28.01.26): «*Me er jo veldig motiverte av ungane og har lyst til at det skal vere eit positivt bidrag for nærmiljøet.*» Då kommunedirektøren i Klepp la fram økonomiplanen i haust, trekte ho fram ei bekymring om rammetilskot frå staten. I 2025 mista Klepp kommune 13,2 mill. kr for elevar som gjekk i private skular utanfor kommunen. Til det har Elstad eit veldig godt svar: «*Eg trur jo at viss alle elevane som har valt å gå på privatskule hadde kome tilbake igjen til offentlig skule, måtte kommunen også ha brukt meir ressursar på det. Det er jo ikkje gratis.*»

Friskular og kommuneøkonomi

Elstad har heilt rett. Det gjeld mange kommunar. Det er kommunar som har ei innsparing på millionar takka vere friskulane. Det er sant at kommunane får redusert overføring frå staten for kvar friskuleelev, men trekket skjer først 1 ½ år i etterkant, og trekket er berre 80 % av kva ein elev kostar. I kommunar med befolkningsvekst vil etablering av friskular bety ei stor innsparing. Friskulane kan bidra til at kommunen slepp å byggje nye skular eller byggje ut eksisterande skular. I motsett fall kunne det ha betydd millionar i investeringar i nye eller større skular pluss renter, avdrag og

større driftskostnader. Vi kan heller ikkje ignorere at friskulane er ein arbeidsplass i kommunane – og dei fleste skattar til heimkommunen.

Vidaregåande skular som Tryggheim vgs har Hå kommune ingen utgifter med – berre diverse inntekter. Det må også påpeikast at Tryggheim opp gjennom tidene har rekruttert mange innbyggjarar til Jæren generelt, og Hå spesielt. 220 av elevane bur på internat her på Nærbø i 2-3 år, bidreg i idrett og kultur, og som avløyssarar og i butikkar/service-yrke – mens dei bur her. Og etterpå blir mange buande her, som lærlingar, og mange blir verande som gode, nyttige samfunnsbyggjarar.

Menneskerettane og kristen friskule

Økonomi bør ikkje vere eit viktig argument når kommunar skal kome med ein uttale om oppstart av friskule. Det kan tvert imot fort gå i pluss for kommunen! Det kommunane bør setje heilt øvst, er menneskerettane. Når Alexandre Moreira (professor, Brasil) jobba med menneskerettane, blei han klar over at dei djupast sett er kristne, og at menneskerettane og kristen utdanning høyrer tett saman. Moreira oppdaga vidare når han studerte menneskerettane, at det var eit tabu som ingen ville snakke om, nemleg opphavet for rettane. Det viste seg å vere eit tabu fordi opphavet og

fundamentet for menneskerettane var forankra i kristen filosofi og teologi. Moreira kom fram til at heile konseptet med menneskerettar i byrjinga av det 20. hundreåret blei initiert av nidkjære kristne sitt arbeid og aktivisme. Det var ein lobby med to hovudmotorar, eit forbund med katolske kvinner og ein verdsvid jødisk union, ifølgje Moreira. Dei jobba saman, bl.a. for å unngå gjentakning av det som nettopp hadde hendt i 2. verdskrig. Dei fekk verkeleg vere med å prege resultatet, bl.a. med ein artikkel som er spesielt kjær og viktig for Moreira, nemleg denne: *Foreldra har førsteretten til å velje kva slag opplæring barna deira skal få.* Moreira trur at denne blei så tydeleg i menneskerettane nettopp takka vere denne lobbyen.



 **Tryggheimhelsing**

Forsidebildet:

Seks ivrige medlemmer av Jæren målunddom – les mer om dette nystartede engasjementet på s. 4. Foto Henrik Foss

Redaksjonskomité:

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Henrik Foss
Knut Handeland
Mari Ask Helland
Bjørge Topnes
Kjersti Skjæveland (ungdomsskolen)

E-post Tryggheim skular:

post@tryggheim.no

Bladet koster kr 150,- pr år.

Kontonr.: 3000.23.29626

VIPPS: 104908

Layout og trykk:

Synkron Media AS, Birkeland



TRYKT I
NORGE
NO - 3042

Å se velsignelsene i livet



Eli-Anne Svendsen // lærer Tryggheim ungdomsskule

Ofta kan vi oppleve at bekymringene i livet tar stor plass. Tanker om framtiden, helse eller økonomi kan lett fylle både hodet og hjertet vårt. Bekymringer var en byrde som Gud ikke hadde ment at vi skulle bære alene.

I 1. Peter 5,7 står det: «Og kast all deres bekymring på ham, for han har omsorg for dere». Dette verset minner oss om at Gud ikke bare tåler våre bekymringer, han inviterer oss til å kaste dem fra oss, hos ham. Jesus ønsker å hjelpe oss når livet er vanskelig. Han har ikke lovet oss at vi skal slippe unna vanskeligheter, men at han vil bære oss gjennom dem.

Dette var noe kong David fikk erfare i livet sitt. I Salme 40 skriver han om hvordan Gud satte føttene hans på en klippe og gav ham fast grunn under føttene. David kjente både frykt, motgang og uro, men han vitner også om Guds trofasthet. I Salme 40 skriver David

så fint i vers 6: «Herre, min Gud! Mange er de under du har gjort, og mange er dine tanker for oss. Intet kan lignes med deg. Vil jeg kunngjøre dem og tale om dem, er de flere enn at de kan telles». Midt i det vanskelige ser David tilbake og oppdager hvor mye Gud faktisk har velsignet ham. Kanskje er det nettopp slik det er for oss også? Jeg vet ikke om du tenker på at alle velsignelsene i livet er gaver fra Gud? Når bekymringene fyller tankene våre, kan det bli vanskelig å se velsignelsene vi allerede har. Ofta tenker vi at velsignelser må være noe stort. For min egen del er velsignelser familie, venner, være frisk, mennesker som bryr seg om meg, få gå på jobb og være frelst. I en sang som jeg ofte hører på, står det så fint i refrenget: «Tell velsignelsene Gud deg gir, du skal

se hvor du velsignet blir. Tell dem sammen både smått og stort, og det vil forundre deg hva Gud har gjort». Når vi stopper opp og teller velsignelsene, kan perspektivet vårt endre seg. Ikke fordi problemene nødvendigvis forsvinner, men fordi vi oppdager at vi ikke er alene i dem. Når vi teller velsignelsene fra Gud, endres perspektivet og vi klarer mer å se Guds godhet og være takknemlige.

Da Moses og israelsfolket var på vandring i ørkenen, fikk Moses beskjed av Gud at Aron og sønnene skulle velsigne israelsfolket med velsignelsen som vi finner i 4. Mos. 6,24-26: «Herren velsigne deg og bevare deg! Herren la sitt ansikt lyse over deg og være deg nådig! Herren løfte sitt åsyn på deg og gi deg fred!»

Denne velsignelsen er like aktuell i dag. Den minner oss om at Gud ser oss, bærer oss og gir oss sin fred. Midt i bekymringene og hverdagen er vi omsluttet av Guds omsorg. Det er for meg den største velsignelsen av dem alle.



Språkleg engasjement på Tryggheim

I sist Tryggheimhelsing såg me på det politiske engasjementet til tidlegare Tryggheim-elevar. Her er det språkleg engasjement me skal sjå på. Tryggheimhelsing har fyrst teke turen ut til «treteknikken», verkstaden på Tryggheim, for å få tak i Peder Andresen, Sigurd Thomsen og Jonatan Løvås. Dei er tre engasjerte medlemmar av det nyskipa Jæren Målungdom. Etterpå måtte eg få tak i leiaren og nestleiarer i Jæren Målungdom, høvesvis Andreas Dyrøy og Jesper Gilje.

Tekst og foto: Henrik Siqveland

Korleis gjekk det til at de vart engasjerte i Mållaget?

Peder: Eg har alltid brunne for nynorsken, så lenge eg kan hugsa, så det var ganske naturleg for meg.

Jesper: Ideen kom då eg var på veg heim etter å ha teke teoriprøven, så dukka det opp ein reklame på Instagram. Tre timar etterpå var e-posten sendt og me hadde skipa lokallaget. No har me 54 betalande medlemmar her på Tryggheim, så det er mange som er med og er engasjerte. Nokon av dei er kanskje mest engasjerte i pizzaen og lappane, men har òg sans for saka.

Kor stor aktivitet har Jæren Målungdom?

Me har mange gode planar, og nokre av dei har me fått gjennomført. Me har hatt pizzakveld og juleavslutning. I tillegg har me hatt stand med 400-600 porsjonar lappar. Salmekvelden for å feira Nynorsk salmebok 100 år i fjor fekk me det litt for travelt til å arrangera, men me skal feira 101-årsdagen no i vår. Då er det munnspele og trekkspel og salmekveld. Då skal me syngja nokre nynorske salmar, ha basar og andakt. God bedehusmat og kyrkjejaffi.

Kvifor engasjerer målsaka?

Det er både eit engasjement for dialekt og eit engasjement for nynorsk. Og dei to heng saman. Begge delar er noko som forsvinn dersom me ikkje gjer noko med det og engasjerer oss. Me vil bevare den delen av kulturarven som språket og dialekten faktisk er. Det er berre å gå tre generasjonar attende, så ser ein kor fort utviklinga går, det at språket endrar seg. Me vil jo ikkje at alle skal enda opp med å snakka éin dialekt.



Frå venstre: Sigurd Thomsen, Peder Andresen og Jonatan Løvås



Frå venstre: Andreas Lindefjell Dyrøy og Jesper Gilje.

Korleis ser framtida for nynorsken og dialektene ut?

Det er jo litt som me svarte på tidlegare. Tala er på ein måte ikkje gode, difor må me gjera noko med det. Tiltak som kan gjerast for å styrkja nynorsken og dialektene er ikkje berre politiske vedtak, men at folk må verta engasjerte og snakkar om det, at det vert merksemd kring språksaka.

Sigurd: Folk må læra det og ha betre undervisning i nynorsk på skulen. Det må ikkje verta sånn at lærarane droppar nynorsken og favoriserer bokmålet berre fordi dei ikkje er så gode i det, eller ikkje likar nynorsk så godt sjølve.

På spørsmål om jær-buen burde verta medlem i Mållaget, får eg eit klart ja frå alle som vart intervjuet. Peder har ikkje møtt nokon som er så stolte av dialekten sin som jær-buen, så difor burde det vera sjølvstøtt at jær-buen vert medlem av den organisasjonen som kjempar for den saka. Andreas er òg inne på at det handlar om å vera stolt av den plassen ein kjem frå, og språket er heilt sentralt for identiteten til folk.

Seksordsnoveller

I november tillyste skulen konkurranse om å skriva den beste seksordsnovella. Svært mange let seg inspirera til å samla handling og meining i særst få ord, så juryen fekk mange bidrag på bordet. Her presenterer vi dei som vart premierte på julefesten.

*Trekkspelet er vekke.
Naboen er glad.*

Martin, 2EEB

*Begravelse nå bestilt,
ingen kiste nødvendig*

Tevje, 2STC

*Har sletta nummeret,
men ikkje minnet.*

Jonathan, 2EEA

*Eg kom tidsnok,
feil dag visstnok.*

Filip, 2EEB

*Tidlig julemorgen.
Spente barn.
Kommer pappa?*

Solveig, 2BUa

Blant dei innsende novellene fanst også denne som uttrykkjer viktig visdom i vår travle tid:

*Alt skal ikkje
skje i morgon*

Simon, 2EEb



Glade vinnarar på julefesten. F.v. Simon Hetland, Tevje Seland, Martin Johannes Vistvik, Jonathan G. Haugland, Filip U. Rygg og Solveig Kristoffersen.

Diplomati og dissekering

– skarpe tunger og kvasse knivar



Tekst og foto: Vidar Aarstad

På same tid som verda opplever politisk uro og «griseri», har 10. trinn hatt ei aktiv veke med spanande innhald.

Elevane har, i regi av FN-sambandet, prøvd seg som diplomatar. Dei blei delt inn i delegasjonar frå ulike nasjonar i FNs sikkerheitsråd, som skulle drøfte den krevjande konflikten i Sudan og forsøke å samlast om ein resolusjon. Dei førebudde opningsinnlegg, og følgde dei opp med heite debattar.

I finklede, med replikkane laust i skjortelommene, viste det seg raskt at land med ulike interesseområde får det vanskelig når dei skal prøve å verte einige. Men elevane imponerte med sine velformulerte ord – ein kunne sjå hjå elevane at hjarta bankar for rettferd og humane løysingar.



Ein annan stad på Nærbø banka ikkje hjarta like mykje. På Vitengarden fekk klassane delta på dissekering av gris. Her blei finklede og resolusjonar bytta ut med frakk og skalpell. Opplegget heiter «Inni er me alle like». Elevane fekk utdelt hjarte- og lungeslag av gris og skulle skjere opp og dissekere ulike organ for å lære om vår eigen kropp.

Reisa elevane fekk vere med på her, gjekk «frå tunge til nyrer» - ein tittel som strengt tatt høyrer ut som ei ukjend vise av Trond-Viggo Torgersen. Det er ikkje lett å seie om det var opningsinnlegg på FN-rollespelet eller synet av innvollane som tok pusten frå flest. Opplegget er skremmande interessant – men for nokon berre skremmande.



Men mange elevar let seg fascinere av å (nesten) kunne blåse liv i grisen sine lunger. Og med hjarta på rette staden (i dette tilfelle skjerefjøla) kunne ein og få tydeleg gjennomgang av funksjonen og dei ulike kammera til denne livsviktige muskelen, i det ein gjekk laus med skalpellen og raust opna hjarta for resten av gruppa.

Kontrastane var store, men parallellane tydelege. I FNs sikkerheitsråd blei det stadig etterlyst og diskutert meir openheit mellom nasjonane. På disseksjonsbordet var det derimot vanskeleg å oppdrive meir openheit. Til slutt hadde elevane rett og slett opna alle innvollane som var.

Me er glade for litt annleisdagar på skulen, for som lufta frå lungene til grisen kjem rett tilbake i ansiktet etter å ha blåse dei opp med makt, så er vi plutsleg tilbake til skulepulten igjen – og berre drøymmer om neste eventyr der framme.





BILDER FRA SKOLEHVERDAGEN

PENDELFORSØK

Foto: Liv J. L. Bønes

Har du noen gang tenkt på hva som påvirker svingetiden til en pendel? Har massen av pendelen noe å si, høyden man slipper den fra eller kanskje snorlengden? Det har nå alle klassene i 1ST og 3PB utforsket i naturfagtimene, og mange ble overrasket over resultatet. Her er de praktisk talt i full sving!



Frida Steinsbø med hjertet i hånden.



BESØKSHELGA

Foto: Henrik Foss

Nærmare 350 ungdomsskuleelevar besøkte Tryggheim fredag 16. januar. Over 200 av dei overnatta til dagen etter.

Til venstre: Elevar på vidaregåande og 10.-klassingar sat og spela ved langbordet med 16 sjakkbrett under besøkshelga.

Under: Vg2-elev Ole Gabriel Kverneland var ein av fleire som hadde rolla som områdediakon og skapte tryggleik for gjestene under besøkshelga.



DISSEKERING

Foto: biologielever

Biologielevene fikk utlevert hjerter og lunger fra gris og dissekerte i vei under kyndig ledelse av biologilærer Geir.



Thea Håland, Amalie Bjordal og Amalie Seglem er klare til å skjære i grisens innvoller.

HAUGE-FESTIVALEN

Foto: Henrik Foss

Hauge-festivalen på Tryggheim er ei årleg markering av innovasjon og nytenking i gründeren Hans Nilsen Huges ånd. På festivalen 19. desember 2025 vurderte jurymedlemmar frå nærings- og organisasjonslivet arbeidet til ungdomsbedriftene.



Leiar og eigar Aslak Tveita i Tveita Gulv (f.h.), kommunikasjons-sjef Hilde Eidsaa Bjorland i Hå kommune og leiar Sanna Rana i Rogaland Unge Høgre kåra ungdomsbedrifta Fjosfalken frå Vg2 elenergi og ekom til vinnar av Hauge-prisen. Elevane (f.v.): Daniel Grødem, David Våland, Filip Ljosdal, Filip Halvorsen og William Hetland Nodland.



Avdelingsleiar Berit Maudal i Totalbetong, dåverande leiar Aron Jacobsen Schaanning i Rogaland AUF og anleggssjef Gunn Marit Solli ved Tine Meieriet Jæren kåra ungdomsbedrifta Lysbøyen UB frå vg2 elenergi og ekom til vinnar av innovasjonsprisen på Hauge-festivalen.

JULEKONSERT

Foto: Henrik Foss

Gjennom to julekonsertar i Nærbø kyrkje 13. desember formidla russekoret julebodskapen i ord og tonar, samla inn pengar til Misjonssambandet sitt arbeid i Japan og spreidde glede i lokalsamfunnet.



Filip Høili heldt andakt på begge konsertane.



JULEFESTEN

Foto: Henrik Foss og Anne-Berit G. Aanestad

Kvelden før vi tok juleferie i desember var det klart for den tradisjonsrike julefesten med adventssamling i møtesalen, god mat, underholdning og masse julestemning.



Russen ga roser til æresrussen, som i år ble Kenneth Undheim.



Vg1-elev Iver Sivertsen Lauvsnes var nøgd med middagen på julefesten.



Festpyntede Vg1-elever.



Synkronsvømmerane i «Slay & Sigma Synchroswimmers Sport-club» hadde eiga oppvising på julefesten torsdag 18. desember. Frå venstre: lærarane Kirsten Marie Kvía Oma, Kristian Klausen, Anita Thorsen og Ruben Hauge.



Kjøkkenleiar Anne Hovland rettleia lærarane i matsalen før dei skulle servere Biff Stroganoff til elevane på julefesten.

JULESPEL

Foto: Henrik Foss

Elevane på Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag viste julespelet sitt til barnehagar og skular i kommunen i desember. Totalt 1450 menneske såg førestillinga i Nærbø.



Besa Amadi Tveita, Marisol Våge og Vilde Kverme.



Noomi Salome Bøe.

ÅPEN SKOLE

Foto: Anne-Berit G. Aanestad

På 'Åpen skole' i høst promoterte Endre Vigre og Rebekka Gravås realfag for 10.-klassingene som kom på besøk.



TREKKSPELVEKINGA

Foto: Knut Handeland



Den såkalla skråplaneffekten har ført til at sal av trekkspel nå går føre seg heilt openlyst på Tryggheim.



For mange har trekkspelet blitt ein integrert del av lekamen, så det er alltid med på tur, og fleire tek det berre av når dei dusjar.


TRE PÅ TOPP

Tekst og tegninger: Asle Bruno (lærer)

Jeg hører masse på kristen musikk, og pleier å anslå det prosentvis til cirka 99 % av min lyttetid. Det gir meg mange gode andakter – og Spotify viste meg på slutten av året i fjor at jeg hadde lyttet tilsvarende 25 hele dager i strekk, totalt i 2025. Uansett, når jeg lytter til musikk,

ser jeg mange ganger sanger som et bilde, eller tenker at den sangen kan jeg tegne! Jeg har alltid likt å tegne, men begynte å tegne sanger i 2022. Det begynner jo å bli en del sanger etter hvert, og derfor har jeg begynt å legge de ut på Instagram, slik at andre også, forhåpentligvis,

kan få glede av dem. Der søker du på brunodrawsongs, og så får du opp en lang rekke tegninger. Det er noen som er flinke til å like tegningene mine – så da får jeg mot til å tegne flere, og så håper jeg at de kan bety noe for andre også.




Her heter sangen «King of Hearts» av Brandon Lake. Veldig flott tekst som handler om røveren som hang på siden av Jesus. «You gave your life, I gave you nothing. You poured me grace, I poured you poison. But still you drank my cup of shame. With all that I've done, could I be forgiven? Is there still a way to enter your kingdom? I'm just a thief beside a king, King of hearts». Jeg tenkte med en gang på konge i hjerter i en kortstokk, og så var det bare å begynne å tegne!

1

2

Sangen heter «Canticle» av Taya og Jon Guerra. Canticle betyr noe sånn som salme eller hymne – og den handler om Kristus som vårt lys, vår beskytter, som omgir oss på alle sider, til alle døgnets tider, alle mine dager og alle mine netter. Så da begynte tankene å svirre og tegningen tok form ...



Denne tredje tegningen er litt spesiell, for den inneholder ikke bare en sang. Som i en bokhylle, med ulike titler på rekke og rad, har jeg samlet ti av de sangene jeg likte best i 2022. Sangene på den venstre siden er mer sanger som roper om hjelp, men etter hvert som du beveger deg mot høyre, blir det sanger som er til støtte og oppmuntring. Til sammen blir dette en historie om håp, om aldri å gi opp. Denne liker jeg godt!

3



Misjonstur med musikalske spor

Amalie Edland (18) og Alexander Berntsen (18) har sett kva Tryggheim-elevar samlar inn pengar til. For Alexander blei orgeltonar i kyrkjene i Japan starten på ei musikalsk reise som held fram på internatrommet hans.

Tekst: Henrik Foss

Foto: Privat

Frå 1. til 11. november reiste dei to påbygg-elevane til Japan saman med elevduoar frå søsterskulane Forus friskole og Vestborg vidaregåande skule. Amalie frå Klepp Stasjon blei med i kraft av rolla hennar som misjonsprosjektleiar i russestyret, mens Alexander frå Ølen blei vald ut etter ein søknadsrunde.

Orgel-oppleving

Tryggheim-duoen sit igjen med sterke misjonsminne frå turen der dei mesteparten av tida oppheldt seg i byen Kobe. På internatrommet til Alexander i andre etasje på Vestheim står eit hammondorgel som eit synleg resultat av to kyrkjebesøk.

- Pastoren gav meg lov til å spele på elektrisk pipeorgel som vanlegvis blir brukt til japansk salmesong. Eg spelar piano, men hadde aldri prøvd orgel før, fortel han.

Etter turen kom Alexander heim full av orgelinspirasjon. Vg2 tømrrar-eleven Peder Andresen skaffa hammondorgel til han. Instrumentet har fått plass ved vindauget på det vesle internatrommet hans. Betalingsmiddelet var verken norske kroner eller japanske yen.

- Prisen var ein colaboks. Instrumentet blei levert i slutten av november, fortel Alexander.

Då påbyggelevane på nyåret hadde fagsamtalar i norskfaget om den litterære perioden barokken, lada Alexander opp med å spele Petter Dass-salmen «Herre Gud, ditt dyre navn og ære».

Misjonsarbeid

I løpet av turen fekk Tryggheim-duoen innblikk i arbeidet til Misjonssambandet i Japan.

- Den første dagen var vi med på eit ungdomstreff. Vi snakka med fleire deltakarar som kunne engelsk. Felles for dei var at dei var oppvaksne i kristne familiar, seier Amalie.

Ifølge Alexander kunne opplevinga minne om kristne ungdomsarrangement ein finn i bygde-Noreg, med unntak av at alt gjekk føre seg på japansk.

- Samlinga inneheldt ein andakt, ein lek og mat. Det var ikkje mange japanske deltakarar utanom misjonærane som arrangerte, noko eg kommenterte til ein av elevane frå Vestborg. Då sa han: «Det er derfor det trengst misjon», seier Alexander.

Reisefølget frå Noreg budde i etasjen over misjonærfamilien Tråsdahl. Både Tone og Ole Bjarne Tråsdahl, eittåringen Jonas Liu Gilje og andre utsendingar tok



gjestene med til kyrkjer og institusjonar for å gi eit innblikk i det kristne arbeidet til Misjonssambandet.

Amalie og Alexander besøkte den kristne barnehagen Aobaen, dei var innom English Cafe, steikte vaflar på ein leksehjelp-klubb og deltok på både middagstreff og gudsteneste i kyrkja. Alexander sprang, mens Amalie talde rundar då misjonsløpet «Walk & Run» til inntekt for Kobe Lutherske Seminar.

Få kristne

Sjølv om landet har få kristne, blei Amalie og Alexander imponerte over korleis dei kristne som dei møtte, viste trua.

- Dei få kristne som vi møtte, var veldig brennande. Det var fint å sjå, seier Amalie.

- Ei av kvinnene vi møtte på språkkafeen, syntest det var så stort at det kom andre kristne. Ho begynte å grine av glede, seier Alexander.

Dei er også imponerte over arbeidet til misjonærene som er tolmodige og står på sjølv om ikkje store skarar blir kristne.

- Japanarar er opptatte. Dei brukar tid på jobb og skule. Vi la også merke til at dei snakka endå mindre med kvarandre på buss og tog enn i Noreg. Dei såg ned eller i mobilen, fortel dei to påbygg-elevane. Japan er eit annleis prosjektland sidan Tryggheim-elev-ar vanlegvis samlar inn pengar til misjon og bistand i u-land.

- Mange japanarar har det dei treng, både ein plass å bu og mat og drikke, men dei har ikkje Gud i livet sitt, avsluttar Amalie.



Japan og misjonsarbeidet

- Japan har 123 millionar innbyggjarar, men talet går ned med fleire hundre tusen kvart år på grunn av låge fødselstal og lite innvandring. Det er over ein halv million japanarar som lever som hikikomori (personar som aldri forlèt rommet sitt og lever aleine).
- Arbeidet til Misjonssambandet i Japan går ut på å formidle kristen nestekjærleik, drive mediearbeid, utdanne leiarar og arrangere barne- og ungdomsaktivitetar som leirar og søndagsskule.

Me bygger «katedral»!

Tekst: Mari Ask Helland

Foto: Eivind Svensen og Mari Ask Helland

Greitt, kanskje ikkje heilt katedral, men med alle dei spanande byggeprosjekta som er i sving her på Tryggheim, kjennest det nesten som at det er katedral me bygger!

I haust stod endeleg nye Austheim klar for innflytting, og Vg2-jentene fekk den store æra å få flytta inn i det flunkande nye internatet.

Nå, med gamle Austheim utflytta, kunne rivearbeidet koma i gang. Medan betongbete for betongbete blir riven ned, har Vg2 helsearbeidarar og barne- og ungdomsarbeidarar flytta til midlertidige undervisningslokale nede på Bjorhaugsletta, berre 5 minuttars gonge frå hovudbygget. Her får Tryggheim leiga eit stort næringsbygg som har blitt bygd om og innreidd til undervising, og Vg2-elevane har sjølve fått vore med og bestemt namnet til det gilde bygget: *Fredheim*.

Etter planen skal Vg2 helse- og oppvekstfag halda til her dei neste tre åra, før både heile helse- og oppvekstfag og elektrofag flyttar inn i det nye undervisningsbygget hausten 2028. Og som om ikkje det var nok, får Nordheim fleire klasse- og grupperom der delar av traktorgarasjen har vore før.

Likevel er kanskje ikkje dette det mest spanande som skjer på Tryggheim i desse dagar. Det er nemleg eit nytt undervisningslokale som nærmar seg ferdig allereie, og det er den nye kjellaretasjen på Skogheim.

Klasseromma nede i Skogheim blir akkurat no utvida og tilpassa vår tilrettelagd-avdeling. Avdelinga har sjølv vore med i utarbeidinga av lokala, og får nå eigne, nye, trygge lokale tilpassa elevane deira med gode rom, universell utforming og utandørs boltreplass.

Me gler oss over å få bygga nye, moderne undervisningsbygg og fornå skulen til elevane i åra som kjem, med planke for planke, stein for stein, før me til slutt har bygd «katedral».

Elevane på Anleggsteknikk og Byggfag har hendene fulle med dei nye lokala på Skogheim.



Sengerommet er på plass på Fredheim, og står klart for elevane ved Vg2 helsearbeidarar.



I gangane på Fredheim er det god plass for sofahygge og gruppearbeid.



Av gamle Austheim er det snart berre ei tomt skal som står igjen, og me nærmar oss stadig byggestart av nytt undervisningsbygg.

Heimkjær

Fastgjvir Tryggheim skular

Har du lyst å bli Heimkjær?



Vil du vera med å bygga «katedral» for elevane våre? Bruk QR-koden, og gje ei gåve!

Filmglede, fellesskap og feststemning

Tekst og foto: Henrik Foss

Elevar viste stor skaparglede då miljøarbeidarane på skulen rulla ut den raude løparen onsdag 11. februar for årets utgåve av «Tryggheim Oscars». Med kreative filmbidrag konkurrerte elevane om flotte statuettar utført i tre av vaktmeister Åsmund Susort, og fekk oppleve ein kveld i møtesalen fylt av latter, spenning og ekte filmglede.



Miljøarbeidarane Alma Brekke og Tobias Fylling leia festkvelden.



Oskar Kristensen blei kåra til den beste mannlege skodespelaren.



Miljøarbeidar Daniel Kvamme overrekte prisen for beste handling. Vinnarane var Mathilde Frøyland (f.v.), Ingrid Sukka Mehus, Karoline Helland Pedersen, Isabelle Kommedal,



Produksjonsselskapet Boggi Indrebø Studios vann publikumsprisen og kategorien «beste film» då filmfestivalen «Tryggheim Oscars» blei arrangert onsdag 11. februar. Frå venstre: Trym Gundersen, Sture Jåsund, Tord Kalleberg, Tobias Borgenvik, Johannes Indrebø, Alexander Berntsen og Jonas Espedal Boge.



Lærarane Kenneth Undheim (t.v.) og Mari Ask Helland og miljøarbeidar Daniel Kvamme var med og kåra vinnarane.

Minneord etter Sigve Reilstad

Vår gode kollega gjennom mange år døydde
22. november 2025, 64 år gammel.

Tekst: Gjermund Viste, rektor



Det har vore ei sann glede å ha Sigve Reilstad som nær og god kollega på Tryggheim! Sigve kom til Tryggheim i 1999. Då sa han: «Eg skal jobbe her i fem år. Same korleis det blir, eg skal halde ut i fem år.» Han slutta ikkje frivillig.

Djupe spor hos kollegaer

Desse åra har Sigve sett mange og djupe spor etter seg, ikkje berre som lærar og leiar på Helse- og oppvekstfag. Frå minneboka: «Sigve er ein av dei mest varme, rause, positive og omsorgsfulle menneske eg har møtt.» Og ein annan: «Takk for den du var! Du betydde mykje for oss på drift.» Det var typisk for Sigve. Sånn veit eg det var for dei på reinhald og kjøkken òg. F.eks. denne: «Du var en SÅA snill mann, Sigve. Du er på mitt hjerte. Jeg glemmer deg aldri.» Ein heider-smann, høgt respektert og høgt elska.

Djupe spor som visjonær

Skulle vi jobba med strategi (strategisk plan eller pedagogisk plattform), då var det viktig å få Sigve med på laget. Han var nytenkande, visjonær og alltid klar for nye visjonar. Det å vere fagleg oppdatert og halde fokus på misjon, det var viktig for Sigve.

Djupe spor som tilretteleggjaren

Det var ikkje den ting som ikkje kunne tilretteleggjast. Sigve såg sjeldan problem, han ville heller finne løysingane og få ting til å gli. Ein elev blei gravid. Også i denne vanskelege situasjonen blei eleven

møtt med empati og støtte. «Hadde det ikkje vore for Sigve, hadde eg ikkje fullført skulen», seier ho i dag når ho hørte om Sigve.

Djupe spor som diakonen

Sigve var Tryggheims Barnabas, som hadde formaningas og oppmuntringas nådegåve i tillegg til eit positivt elevsyn – han såg potensialet i elevar og kollegaer – og møtte dei med varme, omsorg og oppmuntring. Sjukdomen øydela ikkje livslysta. Han var takksam for livet og hadde eit pågangsmot og ei arbeidsglede utan like.

Djupe spor om mat

Sigve var glad i folk og glad i mat. Eg fekk nyta fleire gode måltid med Sigve på skuletur i Praha og Krakow. Skulebollar og alt med gul krem var eit “must”.

Djupe spor om tydeleg kristen skule

Sigve heia på det kristne verdigrunnlaget til Tryggheim.

1. Joh. 5,12: «Den som har Sonen, har livet.» Sigve hadde både kona Liv, og Livet. Den som har Sonen, har LIVET.

Vi lyser fred over Sigve sitt gode minne.



Sigve var reiseleder på vg2-turen i mange år.
Foto: Bjørn Anders Bøe, lærar- og turkollega.

Invitasjon til elevstemnet

laurdag 20. juni 2026 – nå også for 5-årsjubilantar!

Programmet med omvising, samling, festmiddag og gruppesamlingar startar ca. kl. 11:30 og varer utover til kvelden.

Påmeldingsfrist: 7. juni

Frå folkehøgskuletida:

- 70-årsjubilantar, dei som gjekk på Tryggheim 1955-56
- 60-årsjubilantar, dei som gjekk på Tryggheim 1965-66
- 50-årsjubilantar, dei som gjekk på Tryggheim 1975-76

Desse får skriftleg innbyding i februar.

Frå vidaregåande:

- 40-årsjubilantar, avgangselevar 1986 og dei som gjekk saman med desse i to år, men slutta i 1985
- 30-årsjubilantar, avgangselevar 1996 og dei som gjekk saman med desse i to år, men slutta i 1995
- 20-årsjubilantar, avgangselevar 2006 og dei som gjekk saman med desse i to år, men slutta i 2005
- 10-årsjubilantar, avgangselevar 2016 og dei som gjekk saman med desse i to år, men slutta i 2015
- 5-årsjubilantar, avgangselevar 2021 og dei som gjekk saman med desse i to år, men slutta i 2020

Desse får ikkje skriftleg innbyding, men me ber eldsjeler blant dykk ta initiativ via Facebook etc. for å oppmode medelevar til å kome på elevstemnet.

Ta gjerne kontakt med Tryggheim for å få hjelp til namnelister.

Vi håper å sjå deg på Tryggheim denne dagen. Elevstemnet er gratis, men det blir høve til å gje ei gåve til skulen. Vi kan dessverre ikkje tilby overnatting på Tryggheim.

Ver venleg å spreie denne informasjonen om elevstemnet, i tilfelle nokon ikkje får invitasjon.

Helsing komiteen v/Torbjørn Honnemyr

Påmelding elevstevne 2026



Tryggheimkalender

FEBRUAR

Tirs. 17. – fre. 20. Leirskole Vg1
Man. 23. – fre. 27. Vinterferie

MARS

Tirs. 3. - fre. 6. Leirskole Vg1
Man. 23. - tirs. 7. april: Påskeferie

APRIL

Ons. 8.: Huslydskveld (se baksiden)
Ons. 29.: Misjonsløp

MAI


Fre. 15.: Fridag

Visste du at...

Marte Fasseland (ST 13-16) og
og Simon Skogestad giftet seg 3. januar

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærbø



Tryggheim skular inviterer til
HUSLYDKVELD

Onsdag 25. mars kl.19.00

**«Korset – tegnet på
Guds kjærlighet»**

Thor Haavik

God mat

Sang ved
Anne Birgitte Lillebø Bøe

Gave til skolen

Påskesang

Varmt velkommen!

Russekoret